

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/5196-3

Forhandlingsprosess mellom BKK og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek konklusjonen i saka frå kontrollsjefen til orientering
2. Det er ikkje avdekka forhold som tilseier vidare undersøkingar i saka
3. Kontrollutvalet ser seg ferdig med saka

Vedlegg:

- Notat frå fylkesrådmannen m/vedlegg (vedlegg 1 – 5)
- Fråsegn om Sogn og Fjordane fylkeskommune sine «forhandlingar» med BKK – vedlagt FU-sak 65/19 (Vedlegg 6)
- Oppdragsavtale mellom SF Holding og Lund & Co (vedlegg 7)

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kontrollutvalet ba kontrollsjefen 28. juni i KU-sak 38/19 om å gjere undersøkingar vedrørande forhandlingsprosessen mellom BKK og Sogn og Fjordane fylkeskommune ved å utforme nødvendige spørsmål til fylkesrådmannen basert på saksframlegget og innspel i kontrollutvalsmøtet.

Kontrollsjefen sendte ein del spørsmål til fylkesrådmannen 11. juli, og desse vart besvart i notat frå fylkesrådmannen 14. august.

Fylkesrådmannen har svart utfyllande på spørsmåla, og med det klargjort kva som har skjedd i prosessen. Kontrollsjefen vurderer at spørsmåla er besvart slik at det ikkje er grunnlag for vidare oppfølging av saka.

2. Bakgrunn for saka

Leiar i kontrollutvalet kontakta kontrollsjefen 23. juni for å diskutere ei eventuell kontrollhandling i samband med forhandlingsprosessen om å kjøpe BKK ut av Sogn og Fjordane Energi (SFE).

Det vart vist til fleire medieoppslag på forsommaren om ei relativ stor usemje mellom BKK og fylkesutvalet knytt til forhandlingsprosessen om å kjøpe BKK ut av Sogn og Fjordane Energi (SFE). Utifrå medieoppslaga var det openbart ulike oppfatningar om det hadde vore reelle forhandlingar mellom partane i saka. BKK hevda at det hadde vore reelle materielle forhandlingar, medan fylkesutvalet meinte at forhandlingane reelt ikkje hadde vore starta opp.

Kven av partane som har rett eller galt i det spørsmålet er i utgangspunktet uinteressant i eit kontroll og tilsynsperspektiv, men det reiser likevel nokre grunnleggjande spørsmål knytt til forhandlingsprosessen.

1. *Om BKK har oppfatta at dei var i reelle forhandlingar, medan fylkesutvalet ikkje har vore kjend med det, kven har i så fall gitt BKK inntrykk av at forhandlingane var reelle?*
2. *Har fylkesrådmannen, innleigde rådgjevarar eller SF Holding vore i reelle forhandlingar med BKK utan at fylkesutvalet har vore kjend med eller blitt orientert om at det gjekk føre seg reelle forhandlingar?*
3. *Har forhandlingsmandatet frå fylkesutvalet til fylkesrådmannen vore uklart i forhold til kor langt fylkesrådmannen kunne gå i forhandlingane med tanke på kor i prosessen ein var?*
4. *Korleis har mandatet frå fylkesutvalet vore utforma og avgrensa?*
5. *Har fylkesrådmannen, innleigde rådgjevarar eller SF Holding halde seg innanfor mandatet frå fylkesutvalet?*
6. *Har fylkesutvalet eller nokon på fylkeskommunen sine vegne vore involvert i eller påverka ein prosess for at SFE skal kjøpe aksjar i Sunnfjord Energi, og har dette i så tilfelle vore forankra overordna i Fylkestinget?*
7. *Er det gjennomført nødvendige habilitetsvurderingar i prosessen?*

Det vart innkalla til telefonmøte i kontrollutvalet 28. juni, der det vart gjort følgjande vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å utforme spørsmål og problemstillingar til fylkesrådmannen basert på saksframlegget og innspel i møtet.*
2. *Kontrollsjefen blir bedt om å utarbeide tilleggsspørsmål, som eventuelt kan stillast til andre aktørar, der dette er nødvendig.*
3. *Kontrollsjefen får mandat til å gjere eigne vurderingar og engasjere ekstern kompetanse der dette er føremålstenleg.*
4. *Kontrollutvalet ber om ei sak med forslag til vidare prosess.*

3. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollsjefen tok i etterkant av kontrollutvalsmøtet kontakt med juridisk sjef, Svein Hågård, for å få innsyn i sentrale dokument i samband med saka. Etter eit kort møte 2. juli sendte underteikna ein e-post til Hågård med ei liste over dokument som var relevante å få tilgang til. Dokumenta vart oversendt nokre dagar etter.

Det vart på bakgrunn av denne informasjonen utforma ein del spørsmål til fylkesrådmannen. Desse vart oversendt pr. e-post 11. juli med svarfrist 9. august. Fylkesrådmannen ba om å få utsett fristen til 14. august på grunn av ferieavvikling.

Spørsmål til fylkesrådmannen

A - Konsulentar

Fylkeskommunen har nytta Lund & Co som konsulentar i samband med overføring av fylkeskommunen sine aksjar i SFE til kommunane i dagens Sogn og Fjordane i tillegg til prosessen med å kjøpe BKK ut av SFE.

1. Når starta oppdraget for Lund & Co?
2. Kva mandat har Lund & Co hatt i desse prosessane?
3. Kven har Lund & Co rapportert til, fylkesutvalet, SF Holding eller andre?

DNB vart, etter vurdering av tilbod og forhandlingar opp mot Sparebanken 1 Markets, valt som långjevar/finansiell samarbeidspartnar ved eventuelt kjøp av BKK sine aksjar i SFE. DNB sette som føresetnad for lån at DNB Markets vart tildelt rådgjevingsoppdraget i samband med denne finansieringa.

1. Kva vart den totale kostnaden for dette «oppdraget»?
2. Kven har DNB rapportert til ?

B - Forhandlingar

1. Kven forhandla på vegne av fylkeskommunen vedr. oppretting av Vestlandskraft i juni 2018, og kva mandat hadde forhandlarane? Kven hadde gitt dei mandatet, og kva bestod mandatet av?
2. Når begynte forhandlingane med BKK om kjøp av aksjane i SFE?
3. Kva har det vore forhandla om 1. halvår 2019?

4. Kven har forhandla på vegne av fylkeskommunen?
5. Har forhandlarane hatt eit klart forhandlingsmandat?
6. Korleis har mandatet vore utforma og avgrensa?
7. Kven har i så fall utarbeidd forhandlingsmandatet?
8. Har fylkesutvalet vore informert, eventuelt godkjent forhandlingsmandatet?
9. Fylkeskommunen hevdar at det ikkje har vore reelle forhandlingar – kva legg fylkeskommunen i uttrykket «reelle forhandlingar»?
10. Kven har gitt BKK inntrykk av at forhandlingane våren 2019 var reelle?
11. Kva kan grunnen vere til forskjellane i oppfatninga om at det har vore gjennomført reelle forhandlingar?
12. I fråsegna om Sogn og Fjordane fylkeskommune sine «forhandlingar» med BKK i protokollen frå FU-møtet 19. juni står det at dei to største eigarane i SFE, fylkeskommunen og BKK, over tid har vore usamde om strategiske vegval for SFE, som t.d SFE sin utbyttepolitikk. Kva består denne usemja i?

C - Habilitet

1. Kva var grunnen til at Gunhild Berge Stang vart vurdert som habil til å delta under orienteringa pkt. 7 i FU 23. januar i år og inhabil til å delta i den etterfølgjande drøftinga?
2. Kva vart drøfta under «den etterfølgjande drøftinga»?
3. Kva var vurderinga som låg til grunn for at fylkesutvalet 6. mars 2019 under munnlege orienteringar fann Hilmar Høl inhabil til å ta del i den etterfølgjande drøftinga i utvalet, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.
4. Kva vurderingar låg til grunn for fylkesutvalet sine habilitetsvurderingar av Høl, Stang og Følling 8. mai 2019 under munnlege orienteringar?
5. Kva var vurderinga bak konklusjonen om at Gunhild Berge Stang og Jacob Andre Sandal var inhabile til å delta under drøftinga etter orienteringa under pkt. 5 – Munnlege orienteringar i FU 29. mai i år? Kva vart drøfta i denne saka?
6. Kva vurderingar var lagt til grunn for habilitetsvurderingane av styreleiar i SF Holding i samband med behandlingane av eventuell kjøp av BKK sine SFE-aksjar?

D - Fusjonen mellom BKK og Sunnfjord Energi

1. Har fylkesutvalet eller nokon på fylkeskommunen sine vegne vore involvert i, eller påverka ein prosess for at SFE skal kjøpe aksjar i Sunnfjord Energi, og har dette i så tilfelle vore forankra overordna i Fylkestinget?
2. Har fylkesutvalet diskutert fusjonen mellom BKK og Sunnfjord energi? – Når og kva har i så fall vore diskutert?
3. Ha fylkeskommunen, etter din kjennskap, arbeidd mot fusjonen mellom Sunnfjord Energi og BKK?

I tillegg vart fylkesrådmannen oppfordra til å få med relevante kommentarar i tillegg til desse spørsmåla.

Tidslinje

Kontrollutvalet ba i møte 28. juni også om å få utarbeidd ei tidslinje for prosessen. Tidslinja er sett opp på bakgrunn av innhenta dokumentasjon og svar frå fylkesrådmannen på spørsmåla han fekk tilsendt frå kontrollsjefen i juli i år.

Dato	Aktivitet
161206	Fylkestinget vedtok i sak 49/16 å be fylkesrådmannen (frm) arbeide vidare med å sikre at dei verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Frm skulle løpande konsultere og orientere fylkesutvalet i saka. Fylkestinget ga også frm fullmakt til å overføre aksjane i SFE til Sogn og Fjordane Holding AS.
170104	Oppdragsavtale vart signert med Lund & Co etter gjennomført anbodskonkurranse. Oppdraget til Lund & Co starta etter signering av oppdragsavtalen.
170310	Avtale mellom BKK og Sogn og Fjordane fylkeskommune om utgreiing og arbeid med framtidig organisering av den framtidige produksjonsvirksomheten i SFE. Utgreiinga skal også ta behørlig hensyn til fylkestingets vedtak om å sikre at verdiane av fylkeskommunens eigarskap i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Avtalen vart behandla av fylkesutvalet 7. mars 2017 og av protokollen går det fram at utvalet ikkje har noko å merke til denne avtalen. Det er også bekrefta at SFE er kjent

	med avtalen og innhaldet av denne.
170612	Fylkesutvalet (FU) vart orientert om at Hydro hadde tatt initiativ til ein dialog om eit mogeleg samarbeid om produksjonsverksemdene, der Hydro sine kraftverk i Røldal-Suldal vart integrert i utgreiingsarbeidet. FU hadde ingen merknadar til dette, men peikte på at det ville vere avgjerande viktig at SFE-verdiane vart verande i Sogn og Fjordane.
171006	BKK ville stille arbeidet med etablering av «Vestlandskraft DA» i bero
171115	Møte mellom BKK og fylkeskommunen der fylkeskommunen oppfordra BKK til å gi ei tilbakemelding om eit eventuelt fylkeskommunalt oppkjøp av BKK sine aksjar i SFE er av interesse å diskutere vidare.
171127	Møte mellom Lund & Co (Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rådgjevar) og Pareto (BKK sin rådgjevar) om oppfølging av møtet 15.11.17, der mellom anna BKK hevda at forkjopsrett vert utløyst ved overdraging av aksjar frå Sogn og Fjordane Holding (SFH) til primærkommunane i Sogn og Fjordane. BKK hadde på det tidspunkt ikkje teke stilling til om forkjopsretten ville bli gjort gjeldande. BKK opplyste i møtet at dei er villige til å forhandle om ein uttrede frå SFE.
171130	Brev frå BKK til Lund & Co der modell for erverv av BKK sine aksjar i SFE vert presentert. Det kjem klart fram i brevet at det må følgje kraftproduksjon med i en avtale for at det skal vere interessant for BKK. Det vert i brevet teke høgde for at det kun er administrativt behandla, og at ei slik sak sjølvstøtt må behandlast av styret.
171205	E-post frå Lund & Co til BKK der det vert bedt om ei konkretisering av kontantvederlaget BKK ser for seg, og ynskje om ei tilbakemelding slik at FU kan behandle spørsmål om vidare forhandlingar i møte 23. januar 2018. Ein spør i brevet også om at BKK skisserer selskapsrettsleg modell for ein eventuell uttrede av SFE frå BKK si side.
171213	E-post utveksling mellom Lund & Co og SFE om prosessane for innhenting av relevante opplysningar frå SFE slik at BKK kan konkretisere kontantvederlaget ved eit eventuelt sal av aksjane i SFE. Lund & Co sender same dato eit notat til frm med status og vidare framdrift, der forskjellige modeller vert diskutert.
180119	Brev frå BKK til Lund & Co, der det vert gitt ein indikasjon på oppgjermodell for BKK sine aksjar i SFE. BKK sende eit indikativt tilbod til fylkeskommunen om kjøp av aksjane. Frå fylkeskommunen var det ein føresetnad at SFE vart involvert i den vidare prosessen. SFE var svært negativ til eit utkjøp som innebar at SFE sin eigardel i Svelgen kraftverk vart overført til BKK. Derfor arbeidde SFE og fylkeskommunen sine rådgjevarar med eit «mottilbod» som berre gjaldt kontantar. Denne utkjøpsmodellen vart presentert for BKK i juni 2018.
180202	Notat frå Lund & Co til frm, som grunnlag for FU-møte 12. februar 2018. Forslag til vedtak i notatet om at FU skal be frm gjennom Lund & Co forhandle nærare med BKK om en uttrede med sikte på eit endeleg tilbod som FU kan ta stilling til, herunder forhandle om og avklare på kva vilkår BKK eventuelt er villig til å tre ut frå SFE på, basert på kontantvederlag i staden for eigarskapet i Svelgen kraftverka.
180212	FU vedtok 12. februar 2018 å reise fastsetjingsspørsmål mot BKK etter fristen som er sett i utkastet ti prosessvarsel, for å få ei rettsleg avklaring på spørsmålet om eventuell forkjopsrett for BKK. FU ba i same vedtaket frm forhandle nærare med BKK med sikte på at selskapet skal gå heilt ut av SFE.
1803xx	BKK opplyste i mars 2018 at selskapet ønskte å ta opp att arbeidet med å utgreie «Vestlandskraft DA». FU hadde ingen innvendingar mot dette.
180427	Planleggingsmøte med Sogn og Fjordane tingrett, der formålet var å avklare vidare saksførebuing til for retten. Sorenskrivar Mowatt beslutta at spørsmålet om avvising vil bli avgjort saman med spørsmålet om BKK har forkjopsrett. Hovedforhandlingar vart beramma til 3. – 5. september 2018

180404	Parallellt har det foregått ein prosess for å eventuelt etablere Vestlandskraft.
180619	Fylkeskommunen presenterte, i eit møte med BKK, eit forslag om å kjøpe BKK ut av SFE – berre med kontantar. BKK svarta at dei ville sjå dette i samanheng med arbeidet med «Vestlandskraft DA», og ville ikkje forhandle vidare før realisering av Vestlandskraft var avklart.
181012	Eigarane i SFE vedtok på generalforsamling at SFE ikkje skulle engasjere seg i ytterlegare utgreiing av Vestlandskraft. Fk spurde då om BKK var interesserte i å ta opp att spørsmålet om å selje seg ut av SFE. BKK stadfesta at dei var villige til å ta opp att saka, men at det var ein absolutt føresetnad at BKK som ein del av oppgjeret fekk overta kraftverk. BKK foreslo Mel kraftverk.
181012	Sogn Tingrett – fylkeskommunen fekk medhald i at BKK ikkje hadde forkjopsrett til aksjane i SFE. BKK anka dommen inn for lagmannsretten.
190123	Avtale om forhandlingar vart godkjend av FU 23. januar 2019. Denne avtalen innebar at overføring av Mel og Østerbø skulle vere ein del av transaksjonen. Fordelane ved avtalen vart vurdert av fylkesrådmannen til å vere så tungtvegande at ein valde å følgje dette sporet trass i at overføring av kraftverk var problematisk for SFE.
190125	Avtalen om forhandlingar vart behandla av styret i SF Holding
190128	Avtalen om forhandlingar vart signert av konsernsjefen i BKK og styreleiar i SF Holding. Utkastet var på åførehand lagt fram for SFE. Pkt 7 i avtalen skisserte dei ulike aktivitetane mot gjennomføring av ein eventuell transaksjon, som til slutt skulle ende opp med at partane skulle forhandle om ein endeleg avtale. Gjennomføring av transaksjonen var i tillegg avhengig av mellom anna fylkestinget si godkjenning. Det var satt ein tidsfrist, 1. mai 2019, for partane til å bli samde om ein endeleg bindande avtale. Partane vart samde om å forlenge denne fristen til 17. juni då det tok lenger tid med gjennomføring av selskapsgjennomgang/«due dilligence» av SFE enn forutsett.
190329	Spørsmålet om forkjopsrett – rettskraftig dom frå Gulating lagmannsrett, der fylkeskommunen fekk medhald i at BKK ikkje hadde forkjopsrett til aksjane SFE som i dag ligg i SF Holding AS sin portefølje.
190508	BKK hadde, iflg. frm, insistert på å utarbeide førsteutkastet til ein mogleg transaksjonsavtale, og denne vart sendt frå BKK sin advokat 8. mai 2019.
190608	Etter selskapsgjennomgangen, drøfta partane sine finansielle rådgjevarar i Pareto (BKK) og DNB Markets (SF Holding) om det var grunnlag for ei sams verdivurdering av SFE og dei aktuelle kraftverka. Avstanden mellom dei indikative tilboda var betydeleg, og det vart derfor vurdert at avtalepartane måtte møtast for å kome til semje om dei kommersielle vilkåra. Av denne grunn sendte Lund & Co ein e-post til Wikborg Rein Advokatfirma 8. juni med forslag om å møtast 12. juni i Oslo.
190609	Wikborg Rein stadfesta at e-posten var vidareformidla til BKK, og at dei ville kome tilbake så snart som mogleg.
190611	Det vart etter ein del fram og tilbake avtalt å møtast i Oslo 17. juni kl. 14.00. Først kom det e-post frå Wikborg om at 12. juni ikkje passa, men at torsdag og fredag (13. – 14. juni) var tilgjengelege datoar. Lund & Co foreslo då møte fredag 14. juni kl. 11.30. Kvelden 11. juni sende BKK sin advokat e-post om at det hadde vore misforståelser internt om tidspunkt for møte. Dei foreslo enten torsdag (13. juni) eller måndag (17. juni) som aktuell datoar. Om kvelden 11. juni vart det semje om at møtet kunne finne stad 17. juni kl. 14.00.
190613	Advokatane gjennomførde tlf.konferanse 13. juni for å drøfte rammene for det planlagde møtet.
190616	Fylkeskommunen fekk opplyst av BKK at forhandlingsmøtet måndag 17. juli vart avlyst. Dette skjedde etter at BKK hadde sendt ut pressemelding og orientert media om at «forhandlingane var avslutta».

Svar frå fylkesrådmannen på spørsmål sendt i juli 2019

Svar frå fylkesrådmannen på spørsmål frå kontrollsjefen i notat datert 14. august 2019 (Vedlegg1). Vedlegga i notatet frå fylkesrådmannen vert lagt som vedlegg 2 – 5. Fråsegna som var vedlagt sak 65/19 til fylkesutvalet er vedlagt som vedlegg 6. Oppdragsavtalen mellom SF Holding og Lund & Co er vedlagt som vedlegg 7.

Svara i saksframlegget er ei blanding av kortversjonar frå notatet frå fylkesrådmannen og fullstendige svar. Det er også lagt til kommentarar på enkelte plassar.

A - Konsulentar

Fylkeskommunen har nytta Lund & Co som konsulentar i samband med overføring av fylkeskommunen sine aksjar i SFE til kommunane i dagens Sogn og Fjordane i tillegg til prosessen med å kjøpe BKK ut av SFE.

1. Når starta oppdraget for Lund & Co?

Fylkesrådmannen angjev i notatet fylkestinget sitt vedtak i sak 49/16 som bakgrunn for oppdraget til Lund & Co. Oppdragsavtale vart signert med selskapet 3. – 4. januar 2017 etter gjennomført anbodskonkurranse.

Ein eigen oppdragsavtale (Vedlegg 7) vart signert mellom SF Holding og Lund & Co 20. juni 2018 som følgje av at fylkeskommunen sine aksjar var overført til SF Holding. Avtalen vart teikna på same vilkår som oppdragsavtalen Lund & Co hadde med fylkeskommunen. I følgje dagleg leiar i SF Holding kom denne avtalen på plass for å få formalisert faktureringa mot SF Holding for den delen av oppdraget som gjaldt selskapet.

2. Kva mandat har Lund & Co hatt i desse prosessane?

Fylkesrådmannen viser til konkurransegrunnlaget for ei overordna skildring av oppdraget til Lund & Co. I konkurransegrunnlaget er føremålet med utlysinga å inngå ein avtale om tenestekjøp av juridiske, finansielle og strategiske tenester til fylkeskommunen. Mandatet har blitt konkretisert av vedtak i fylkesutvalet etter kvart som ulike problemstillingar har dukka opp, slik som eksempelvis utgreiing av eit mogeleg «Vestlandskraft DA», søksmål for avklaring av forkjøpsrett og arbeidet med å få kjøpt BKK sine aksjar i SFE.

I oppdragsavtalen mellom fylkeskommunen og Lund & Co pkt. 1 står det at avtalen er juridisk, finansiell og strategisk rådgjeving knytt til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarposisjon i Sogn og Fjordane Energi AS – Regionsreform.

3. Kven har Lund & Co rapportert til, fylkesutvalet, SF Holding eller andre?

Lund & Co har løpande rapportert til fylkesrådmannen og til dagleg leiar i SF Holding AS for den delen av sakskomplekset som dreidde seg om utkjøp av BKK frå SFE.

Lund & Co har formelt sett ikkje rapportert til fylkesutvalet, men har frå oppdraget starta i 2017 fortløpande informert utvalet gjennom skriftlege «løypemeldingar» og munnlege orienteringar.

DNB vart, etter vurdering av tilbod og forhandlingar opp mot Sparebanken 1 Markets, valt som långjevar/finansiell samarbeidspartnar ved eventuelt kjøp av BKK sine aksjar i SFE. DNB sette som føresetnad for lån at DNB Markets vart tildelt rådgjevingsoppdraget i samband med denne finansieringa.

1. Kva vart den totale kostnaden for dette «oppdraget»?

Då det ikkje vart inngått nokon avtale mellom SF Holding og BKK om kjøp av aksjar, har SF Holding ikkje betalt anna honorar til DNB enn oppstartshonoraret på kr 500 000,- og eit mindre beløp som gjeld refusjon av reiseutlegg.

2. Kven har DNB rapportert til ?

DNB vart engasjert av SF Holding og har rapportert til selskapet ved dagleg leiar. Det har i tillegg vore tett kontakt mellom DNB og Lund & Co. Sistnemnde har løpande informert om DNB sitt arbeid i saka til fylkesrådmannen og fylkesutvalet.

B - Forhandlingar

1. Kven forhandla på vegne av fylkeskommunen vedr. oppretting av Vestlandskraft i juni 2018, og kva mandat hadde forhandlarane? Kven hadde gitt dei mandatet, og kva bestod mandatet av?

Fylkeskommunen har i følge fylkesrådmannen sitt notat ikkje forhandla om oppretting av Vestlandskraft DA. Det var selskapa BKK, SFE og Hydro som utgreidde fordelar og ulemper ved eit eventuelt felles produksjonsselskap. Det var óg selskapa som forhandla om det var grunnlag for å halde fram med utgreiingsarbeidet hausten 2018, før saka vart handsama på ekstraordinær generalforsamling i SFE i oktober 2018.

2. Når begynte forhandlingane med BKK om kjøp av aksjane i SFE?

Fylkesrådmannen har svart utfyllande på dette spørsmålet, og her også orientert om prosessen. Dette er delvis tatt inn i beskrivelsen i tidslinja over.

BKK gav alt i januar 2017 til kjenne at ei overføring av aksjar i SF Holding til kommunane i Sogn og Fjordane ville utløyse forkjopsrett for BKK til aksjane i SFE. Fylkesrådmannen har difor heilt sidan starten av 2017 arbeidd med alternative modellar for å sikre at den verdien som SFE-aksjane representerer kan «bli verande i Sogn og Fjordane», utan å utløyse forkjopsrett for BKK til aksjane i SFE.

BKK inviterte til eit møte der også selskapet sin finansielle rådgjevar i Pareto Securities stilte (24. november 2017) der dei opplyste at selskapet var villig til å forhandle om å tre ut på eigarsida i SFE, ved at kraftverk og kontantar blei fisjonert ut frå SFE. BKK opplyste at selskapet ikkje var interessert i eit rent aksjesal eller ei omorganisering av produksjonsverksemda i SFE til eit DA. Dette kan seiest å vere ein oppstart av prosessen.

Avtale om forhandlingar vart signert av BKK og SF Holding 28. januar 2019. Sjølve forhandlingane vart ikkje gjennomført då møtet 17. juni i år, der ein skulle avklare om det var grunnlag for å kome til semje om dei kommersielle vilkåra i ein transaksjonsavtale, vart avlyst.

3. Kva har det vore forhandla om 1. halvår 2019?

Etter at partane sine finansielle rådgjevarar i noko tid hadde diskutert eit sams grunnlag for verdsetjing av SFE og dei to aktuelle kraftverka, tok som nemnd SF Holding og underteikna i juni initiativ til eit forhandlingsmøte mellom avtalepartane og fylkeskommunen. Dette møtet vart aldri halde.

4. Kven har forhandla på vegne av fylkeskommunen?

Som nemnd har det vore kontakt direkte mellom partane sine finansielle rådgjevarar for å freiste å kome fram til eit felles grunnlag for verdsetjing av SFE og dei to aktuelle kraftverka. Det har også vore noko kontakt mellom partane sine juridiske rådgjevarar om overordna transaksjonsmodell og førebelse innspel til førsteutkastet til transaksjonsavtale.

Partane kom aldri til reelle forhandlingar om kor mange aksjar som skulle kjøpast eller konkret pris for aksjane.

Til det planlagde møtet i Oslo 17. juni var det avtalt at fylkesrådmannen og dagleg leiar i SF Holding, Jan Øhlckers, skulle forhandle, med støtte frå Lund & Co og DNB.

5. Har forhandlarane hatt eit klart forhandlingsmandat?

Mandatet går fram av avtalen om forhandlingar (Vedlegg 3) som vart godkjend av fylkesutvalet.

6. Korleis har mandatet vore utforma og avgrensa?

Fylkesrådmannen viser til svaret på førre spørsmål.

7. Kven har i så fall utarbeidd forhandlingsmandatet?

Lund & Co utarbeidde avtalen i samråd med fylkesrådmannen og SF Holding. Avtalen vart deretter, med visse justeringar, godkjend av fylkesutvalet i møte 23. januar. Endeleg vart avtalen godkjend av styret i SF Holding.

8. Har fylkesutvalet vore informert, eventuelt godkjent forhandlingsmandatet?

Ja, sjå svar på førre spørsmål.

9. Fylkeskommunen hevdar at det ikkje har vore reelle forhandlingar – kva legg fylkeskommunen i uttrykket «reelle forhandlingar»?

I «reelle forhandlingar» legg fylkesrådmannen at partane har forhandla konkret om den prisen som skal betalast for aksjane, kor mange aksjar som skal kjøpast og kva for slags vilkår som elles skal setjast for kjøp av aksjane.

10. Kven har gitt BKK inntrykk av at forhandlingane våren 2019 var reelle?

Fylkesrådmannen skriv at han ikkje har grunnlag for å uttale seg om dette, men vil vise til tidsplanen i pkt. 7 i avtalen om forhandlingar. Poenget frå fylkeskommunen si side er at det aldri vart gjennomført noko første forhandlingsmøte, som i avtalen var tidfesta til 14. mars. Det avtalte forhandlingsmøtet 17. juni vart avlyst av BKK.

11. Kva kan grunnen vere til forskjellane i oppfatninga om at det har vore gjennomført reelle forhandlingar?

Fylkesrådmannen skriv at han ikkje har grunnlag for å spekulere i kva som er grunnen til eventuelle skilnader i oppfatninga om det har vore gjennomført reelle forhandlingar, men ser likevel ikkje bort frå at BKK endra syn på om selskapet skulle selje aksjane sine i SFE og at det er grunnen til at BKK 16. juni utan forvarsel avlyste det avtalte forhandlingsmøtet mellom partane dagen etter.

12. I fråsegna om Sogn og Fjordane fylkeskommune sine «forhandlingar» med BKK i protokollen frå FU-møtet 19. juni står det at dei to største eigarane i SFE, fylkeskommunen og BKK, over tid har vore usamde om strategiske vegval for SFE, som t.d SFE sin utbyttepolitikk. Kva består denne usemja i?

Dei siste åra har fylkeskommunen og BKK vore usamde i fleire viktige saker for SFE. Fylkeskommunen har stort sett vore einig med SFE sitt styre og leiing, medan BKK har vore ueinig.

Fylkeskommunen og dei kommunale eigarane har på eigarmøta dei siste åra støtta styret si tilråding om å halde meir av overskotet i SFE tilbake for å styrke SFE sin eigenkapital og høve til å realisere nye kraftprosjekt. BKK har på si side argumentert for eit høgare utbyte. Eit anna døme er haldninga til å styrke SFE sin eigenkapital ved emisjonen i juni 2017. Alle andre eigarar enn BKK har så langt teikna seg fullt ut for auke av aksjekapitalen.

Haldninga til vidare utgreiing av «Vestlandskraft DA» er eit tredje døme. Her tilrådde eit fleirtal i SFE sitt styre at SFE ikkje skulle involvere seg i vidare utgreiingsarbeid. Både fylkeskommunen og dei kommunale eigarane følgde tilrådinga frå styret, medan BKK røysta mot.

På same måte stilte dei ulike aksjonærane seg til den planlagde fusjonen mellom SFE og Sunnfjord Energi AS, som dei to selskapa hadde arbeidd med i lengre tid. Fylkeskommunen og dei kommunale eigarane i SFE var positive til dei to selskapa sitt arbeid med å utgreie grunnlaget for ein fusjon. Utan forvarsel sende BKK i januar 2019 ut ei pressemelding der selskapet opplyste at det ville røyste mot ein fusjon mellom SFE og Sunnfjord Energi. Konsekvensen vart at fusjonsarbeidet vart skrinlagt.

C - Habilitet

1. Kva var grunnen til at Gunhild Berge Stang vart vurdert som habil til å delta under orienteringa pkt. 7 i FU 23. januar i år og inhabil til å delta i den etterfølgjande drøftinga?
2. Kva vart drøfta under «den etterfølgjande drøftinga»?

Krava om habilitet for folkevalde i fylkeskommunen følgjer av forvaltningslova § 6, jf. § 10, og inneber at folkevalde med særskild tilknytning til ei sak, eller til personar som kan få ei særskild fordel eller ulempe av avgjerda, må fråtre når saka skal førebuast eller avgjerast.

Reine orienteringssaker er som hovudregel ikkje omfatta av reglane om inhabilitet. Den som er inhabil til å delta når organet drøftar og eventuelt avgjer saka, vil i utgangspunktet vere habil til å delta under eventuelle generelle orienteringar om saka.

Gunhild Berge Stang er ordførar i Fjaler kommune. På tidspunktet som er nemnd i spørsmålet var Fjaler kommune, i eigenskap av å vere eigar i Sunnfjord Energi, i forhandlingar med BKK om makebyte av aksjar.

I møtet 23. januar i år drøfta fylkesutvalet m.a. den ovannemnde avtalen om forhandlingar og altså eit eventuelt utkjøp av BKK frå SFE. Fylkesutvalet fann at Stang gjennom vervet sitt som ordførar i Fjaler og dei pågåande forhandlingane om aksjebyte, hadde så sterk tilknytning til BKK at dette var eigna til å svekkje tilliten til at ho ville vere upartisk ved fylkesutvalet si drøfting av fylkeskommunen sin strategi for å freiste å kjøpe BKK ut av SFE. Fylkesutvalet fann såleis etter ei skjønsmessig vurdering at Stang var inhabil etter forvaltningslova § 6 andre ledd.

3. Kva var vurderinga som låg til grunn for at fylkesutvalet 6. mars 2019 under munnlege orienteringar fann Hilmar Høl inhabil til å ta del i den etterfølgjande drøftinga i utvalet, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

Hilmar Høl er styreleiar i SF Holding. Vurderinga var at SF Holding, som part i avtalen med BKK, også var part i store delar av den aktuelle drøftinga i fylkesutvalet. Høl var som følgje av dette inhabil til å delta i drøftinga.

4. Kva vurderingar låg til grunn for fylkesutvalet sine habilitetsvurderingar av Høl, Stang og Følling 8. mai 2019 under munnlege orienteringar?

Jenny Følling er nestleiar i konsernstyret i KLP (Kommunal Landspensjonskasse). KLP var på dette tidspunktet aktuell som finansiell tredjepart i det planlagde avtaleforholdet mellom SF Holding, BKK og SFE om utkjøp av BKK frå SFE. KLP si tilknytning til saka var ikkje så nær eller sterk at fylkesutvalet fann at Følling si rolle i selskapet var eigna til å svekkje tilliten til hennar upartiskheit etter forvaltningslova § 6 andre ledd.

Når det gjeld Gunhild Berge Stang, var situasjonen at Fjaler kommune på dette tidspunktet vurderte kva kommunen skulle meine om den moglege fusjonen mellom Sunnfjord Energi og BKK. Kommunen hadde dessutan framforhandla ein eigen avtale med BKK som skulle gjennomførast dersom generalforsamlinga i Sunnfjord Energi skulle seie nei til fusjonen. Fylkesutvalet fann at Stang gjennom desse forholda hadde så sterk tilknytning til BKK at dette var eigna til å svekkje tilliten til hennar upartiskheit som fylkesutvalsmedlem når utvalet drøfta fylkeskommunen sin strategi overfor BKK.

Vedkomande inhabiliteten til Hilmar Høl vart det vist til svaret på spørsmål 3 over.

5. Kva var vurderinga bak konklusjonen om at Gunhild Berge Stang og Jacob Andre Sandal var inhabile til å delta under drøftinga etter orienteringa under pkt. 5 – Munnlege orienteringar i FU 29. mai i år? Kva vart drøfta i denne saka?

Også i dette møtet drøfta fylkesutvalet m.a. utkjøpsalternativet, dvs. fylkeskommunen sin strategi for å freiste å kjøpe BKK ut av SFE.

Fylkesutvalet fann Gunhild Berge Stang inhabil av same grunn som opplyst i svaret på førre spørsmål.

Jacob Andre Sandal er varaordførar i Jølster kommune, som til liks med Fjaler kommune er aksjonær i Sunnfjord Energi AS. Jølster kommune vurderte på dette

tidspunktet kva kommunen skulle meine om fusjonsplanane mellom BKK og Sunnfjord Energi.

Fylkesutvalet fann at Sandal i eigenskap av å vere varaordførar i ein kommune som kunne vere på veg inn som eigar i BKK og i tilfelle ville bli mottakar av eit ikkje ubetydeleg betydeleg kontantbeløp frå dette selskapet, hadde så sterk tilknytning til BKK at dette var eigna til å svekkje tilliten til at han ville vere upartisk ved fylkesutvalet sine drøftingar av fylkeskommunen sin strategi for å kjøpe BKK ut av SFE.

6. Kva vurderingar var lagt til grunn for habilitetsvurderingane av styreleiar i SF Holding i samband med behandlingane av eventuell kjøp av BKK sine SFE-aksjar?

Då ein eventuell transaksjonsavtale skulle inngåast mellom SF Holding og BKK, jf. vedlegg 4, var SF Holding å rekne som part i saka når fylkesutvalet drøfta utkjøpsalternativet. Fylkesutvalet fann såleis alltid styreleiar Hilmar Høl inhabil når utvalet drøfta dette alternativet.

D - Fusjonen mellom BKK og Sunnfjord Energi

1. Har fylkesutvalet eller nokon på fylkeskommunen sine vegne vore involvert i, eller påverka ein prosess for at SFE skal kjøpe aksjar i Sunnfjord Energi, og har dette i så tilfelle vore forankra overordna i Fylkestinget?

Fylkesrådmannen svarer her at han ikkje er kjent med at nokon på fylkeskommunen sine vegner har vore involvert i eller påverka ein slik prosess.

2. Har fylkesutvalet diskutert fusjonen mellom BKK og Sunnfjord energi? – Når og kva har i så fall vore diskutert?

Fylkesutvalet har på eit generelt plan og i samband med dei andre prosessane som gjeld fylkeskommunen sin eigarskap i SF Holding og SFE, også drøfta planane om fusjon mellom BKK og Sunnfjord Energi. Dette har blitt drøfta løpande i fylkesutvalet i 2019 etter at planane vart kjende. Det som har vore drøfta er korleis ein slik fusjon kunne påverke forhandlingane med BKK om kjøp av BKK sine aksjar i SFE, korleis ein slik fusjon ville påverke SFE sine interesser og fordelinga av aksjar i SF Holding på kommunane.

Fylkesutvalet har óg fått orienteringar om SFE sitt syn på ein mogleg fusjon mellom BKK og Sunnfjord Energi av konsernsjefen og styreleiaren i SFE. SFE har regelmessig vore invitert til og fått høve til å kome til orde i møta i fylkesutvalet der saker som gjeld fylkeskommunen sin eigarskap i SFE har vore drøfta.

3. Ha fylkeskommunen, etter din kjennskap, arbeidd mot fusjonen mellom Sunnfjord Energi og BKK?

Svaret frå fylkesrådmannen er at han ikkje er kjend med noko slikt.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen har svart utfyllande på spørsmåla som er stilt. Eit av dei forholda som har vore stilt spørsmål om er i kva grad det har vore reelle forhandlingar mellom BKK og fylkeskommunen. Svara frå fylkesrådmannen om dei forskjellige «stega» i prosessen tyder i stor grad på at det ikkje har vore reelle forhandlingar. Dei reelle forhandlingane som skulle gjennomførast 17. juni i år, vart ikkje gjennomførte då dette møtet vart avlyst, og av at BKK orienterte media i ei pressemelding om at forhandlingane var avlyst.

Det er elles ingenting i svara frå fylkesrådmannen som, etter kontrollsjefen si vurdering, skulle tilseie vidare undersøkingar i saka.